

# Retningsline for bruk av alternativ tilvising til PPT og alternativt samtykkeskjema

## Føremål

I nokre tilfelle manglar ungdom i RLT si målgruppe MinID, noko som kan medføre at ein ikkje kan tilvisast PPT eller sende inn samtykke om informasjonsutveksling. For å unngå at ungdommar ikkje får den hjelpen dei treng har RLT moglegheit til å sende ut alternativt tilvisingsskjema til PPT og samtykkeskjema til ungdommen, skulen eller lærebedrifta for utfylling.

## Korleis

Ungdommen sjølv eller føresette må [ta kontakt med si rettleiingsteneste](#) for å få tilsendt skjema.

Skule og opplæringskontor kan også be om å få tilsendt skjema i dei sakene kor det er vanskeleg for ungdommen å gjere dette sjølv.

Skjema skal ikkje kopierast og kan berre nyttast der det er avtalt med RLT.

Skjema må fyllast ut og signerast av ungdommen og returnerast til fylkeskommunen ved RLT pr post. Vestland fylkeskommune, Rettleiingstenesta, pb 7900, 5020 Bergen